



Møteprotokoll

Utval:	Næring, teknisk og miljøutvalet
Møtestad:	Skriftleg
Dato:	21.07.2026
Tid:	kl 14.00 - 15.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Petter Gunnarstein	FRP	leiar
Sindre Slettestøl	H	nestleiar
Geir Torsvik	AP	medlem
Nina Myklebust Løddøen	H	medlem
Liv Sæther Myskja	SP	medlem

Røysteføre: 5.

Møtet vart gjennomført ved skriftleg røysting via epost.

Møtenotater:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 21/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3649
PS 22/26	Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sande	26/3619

Larsnes, 21.07.2026

Petter Gunnarstein
leiar

PS 21/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 22/26 Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sande

Vedtak:

Næring, teknisk og miljøutvalet vedtek å sende framlegget til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sande kommune ut på høyring med 6 veker høyringsfrist. Høyringa vert sendt ut til aktuelle lag og organisasjonar, og den vert kunngjort på kommunen si heimeside.

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sande kommune, Møre og Romsdal

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Sande kommune
Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt etter hjort i ope terreng, i Sande kommune. Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel
Jegerar skal rapportere bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato
Forskrifta vert sett i kraft med det same.

Behandling:

Ved skriftleg avrøysting vart kommunedirektøren si tilråding samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Næring, teknisk og miljøutvalet vedtek å sende framlegget til lokal forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sande kommune ut på høyring med 6 veker høyringsfrist. Høyringa vert sendt ut til aktuelle lag og organisasjonar, og den vert kunngjort på kommunen si heimeside.

Forskrift om opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Sande kommune, Møre og Romsdal

§ 1 Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Sande kommune
Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved ordinær jakt etter hjort i ope terreng, i Sande kommune. Ved ettersøk av påskoten hjort kan restlysforsterkande og termiske siktemiddel også nyttast utanfor ope terreng.

§ 2 Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel

Jegerar skal rapportere bruken av restlysforsterkende og termiske siktemiddel i Hjorteviltregisteret.

§ 3 Verknadsdato

Forskrifta vert sett i kraft med det same.